

Budsjett 2021

**Psykisk helsevern
Helse Førde HF**

Innhald

Samandrag.....	2
Føresetnader i budsjett 2021	2
Budsjettarbeidet vårt	2
Risiko i budsjett for 2021	4
Ramme 2021.....	4
Økonomi.....	6
Kostnadsutvikling	6
Aktivitetsutvikling	6
Aktivitet per avdeling.....	7
Bemanningsplan	8
Forsking.....	8
Ikke løyste oppgåver	8
Budsjettprosess.....	8
Forkortinger for einingsnamn nytta i dokumentet	9

Samandrag

Budsjettet vårt er utarbeidd innanfor den ramma som er gitt. Det er nytta rammebudsjettering, slik at alle avdelingane våre har tatt sin relative del av den utfordringa som ligg i å lage budsjett innanfor tildelte rammer.

Vi har gjennom fleire år vore nøydd til å finne rimelegare måtar å tilby våre pasientar eit godt og forsvarleg behandlingstilbod. Budsjettet for 2021 er stramt, men det er lagt opp til ei forsvarleg drift. Vi vil med dette budsjettet også i 2021 kunne gje gode tilbod med høg kvalitet til pasientane våre.

Psykisk helsevern for vaksne har fokus på å sikre kvaliteten og omfanget av poliklinisk verksemd slik at vi framleis samla sett tilbyr adekvate og gode pasientforløp ved kvart DPS. Dette arbeidet vil halde fram i 2021. Vi etablerer tre døgnplassar for tryggleik i 2021.

Døgntilbodet for psykisk helsevern til barn og unge vert planlagt på same nivå som i 2020, og vi ventar at tal polikliniske konsultasjonar vert noko høgare enn siste år.

Innanfor TSB har vi redusert kjøp av gjestepasientplassar til eit nivå som kan være det nivået som følger av fritt sjukehusval, og vi ventar at aktiviteten i eige føretak vert noko høgare enn siste år.

Føresetnader i budsjett 2021

Årsprognosene for 2020 gjev grunnlaget for budsjettet for 2021. Basert på denne er kostnadsnivået tilpassa ramma for 2021, og justert med prisfaktorar som er gitt i statsbudsjettet.

Budsjettarbeidet vårt

Det er i budsjettet for 2021 ikkje lagt opp til at vi skal gjennomføre spesifikke tiltak i 2021 som vil påverke drifta. Vi starta arbeidet med å tilpasse drifta til rammene for 2021 allereie tidlig i 2020. Endringar som skal skje på den enkelte avdeling vil skje innanfor budsjetterte rammer og det personellet som er tilgjengeleg.

NPS

- Bemanningsplanen for Seksjon dag inneber fleire legar og psykologar enn vi har i dag. Desse yrkesgruppene har høgare løn, og fleire spesialistar vil difor gje oss færre tilsette om det ikkje vert tilført midlar. I 2021 ønsker vi å tilsette LIS i poliklinikken, og det må setjast av midlar til dette.
- Også i Seksjon døgn vil omgjering av stillingar frå hjelpepleiar til sjuke- eller vernepleiar føre til auka kostnader.
- Vi ønskjer å auke stillingsprosenten for musikkterapeut til 100 prosent i løpet av 2021.
- Kompetansehevingsprogrammet SKOP vert vidareført i samarbeid med Nordfjord BUP.
- Gode røynsler med innleige av sjukepleiar frå vikarbyrå i sommarferien gjer at det må setjast av midlar til å gjere dette også i 2021.
- Det er noko mindre innleige av overlege enn budsjettet i 2020, og reduksjonen kan vidareførast for 2021.
- Oppretting av FACT-team i samarbeid med Stad kommune fører til oppretting av ei ny stilling som senteret vårt må finansiere halvdelen av.

Busjettet går i balanse ved:

- God planlegging av fråver og innleige i nært samarbeid mellom seksjonane.
- Vakansperiodar for ledige stillingar.
- Det vert arbeidd systematisk for å jamne ut belegget i Seksjon døgn, noko som ventast å føre til mindre trøng for innleige av ekstrahjelp.
- Mindre bruk av overlege frå vikarbyrå.

ISP

Vi laga ny bemanningsplan for seksjon Døgn i 2019/20 der vi auka bemannninga på vanleg kvardag og reduserte det tilsvarande på helg. Det har gitt auka sårbarheit på helg, men erfaringstala i 2020 syner at avsett budsjett til ekstravakter er tilstrekkeleg.

Vi arbeider for å rekruttere spesialistar og erfarne medarbeidarar for å oppretthalde og vidareutvikle senteret. Sårbarheit i budsjettet er spesielt knytt til faren for å ikkje klare å rekruttere spesialistar, og måtte hente dei inn frå vikarbyrå som er ei langt dyrare løysing. Alle større budsjettpostar er justert ut frå ein risiko/sårbarheitsanalyse og risikoene for avvik er blitt høgare dei siste åra, men ikkje utover det vi ser på som ein akseptabel risiko.

ISP ønskjer å styrke satsinga på ambulante tenester, men har ikkje funne budsjettmidlar for å etablere FACT-team. Det vert vidareført tilbod om ambulante tenester til personar med psykoseliding.

PSK

Psykiatric klinikk flyttar til nybygg i mars 2021 der vi får 4 sengepostar og poliklinikk. I samband med oppretting av ny tryggleikspost frå mars/april 2021 er det oppretta mange nye stillingar, der dei nye stillingane er finansiert med reduserte kostnader til kjøp av tryggleikslassar i andre føretak. I nybygget vil det også bli etablert ny psykosepost.

Det er eit stort press på døgnplassane på akutt døgn, og tal pasientar som er dømde til tvunge psykisk helsevern og pasientar som er på varetektsurrogat etter straffeprosesslova §188 ser ut til å auke. Oppretting av lokal tryggleikspost vil bidra til å dempe presset på akutt døgn, men det er fare for at tal tryggleikslassar på ny tryggleikspost ikkje er nok, om auke av pasientar som nemnd over held fram. Årsak til auke i tal pasientar til tryggleik er endring i psykisk helsevernlova i 2017, som medfører at færre pasientar kan skrivast ut til kommunane og at fleire kan bli dømde til tvunge psykisk helsevern. Psykiatric klinikk har gjennomført eit organisasjons – og utviklingsprosjekt (OU) som vart vedteke i styringsgruppa for nye Førde sjukehus 29.09.20. Det er trøng for meir ressursar for å nå mål i OU prosjektet om fleire stillingar på poliklinikk for m.a. å tilby ambulante tenester, erfarskonsulent, musikkterapeut og finansiering av stillingar som jobbspesialistar.

Behandlerar på poliklinikk er både høgskuleutdanna, legar og psykologar. Pakkeforløp for psykisk helsevern krev meir oppfølging av spesialistar, som legar og psykologar, som har høgare løn enn høgskuleutdanna. For å finansiere fleire spesialistar må vi redusere på tal tilsette, og færre tilsette påverkar både tilbod og kapasitet.

Andre avdelingar i Helse Førde som kreftavdeling, fedmepoliklinikk, eldremedisinsk poliklinikk og andre seksjonar ynskjer meir bistand frå Psykiatrisk klinikk, men det er ikkje nok ressursar til dette utan at det går ut over tilbod ved Psykiatrisk klinikk.

PBU

Vi har hatt høg aktivitet i 2020, samanlikna med nasjonalt nivå for konsultasjonar per fagårsverk, til tross for koronapandemien. Ventetida er framleis for høg, dette er delvis på grunn av pandemien som førte til at ein del utgreiingar, særleg for AD/HD, var vanskelege å gjennomføre med dei tiltaka som vart innførte. Vi har hatt kontakt med pasientar og pårørande om dette, slik at vi sikra god oppfølging i sakene. PBU har også i 2020 hatt nokre endringar i arbeidsstokken i fleire av seksjonane slik at nokre stillingar har vore vakante nokre månader. Dette påverkar kapasiteten. Ved innføring av pakkeforløp i 2019 har det blitt meir administrative oppgåver på terapeutane, i tillegg til auka dokumentasjonskrav. Dette aukar arbeidsmengda til dei tilsette, og har vore ei utfordring i 2020.

Vi held fram det nære samarbeidet med 1. linja, og har høgt fokus på å levere kvalitativt gode tenester. Vi har hastehjelp ved alle poliklinikkane. Akuttinnleggninga ved UPH har gått vesentleg ned, hastehjelpa er nok noko av grunnen til dette. I tillegg er hastehjelpa eit godt tilbod til pasientar og samarbeidspartar. Dette gjer oss meir tilgjengelege, samstundes som vi i større grad unngår unødige innleggninga som kan vere ei stor belastning for ungdomane. I tillegg gjev dette rask tilgang til tenestene våre til dei pasientane våre som har størst behov for rask hjelp.

Med fleire spesialistar og eiga vaktordning har vi ei fagleg sterkare avdeling, samstundes som dette fører til ein auke i lønskostnadene. I budsjettarbeidet for 2021 ser vi at det er vanskeleg å oppretthalde den arbeidsstokken vi er avhengige av for å løyse oppgåvene våre; ta imot tilvisingar og halde ventetidene på det nivået som er forventa. Dette er vi redde for vil føre til auka press på dei tilsette som kan gjere at arbeidsplassane våre blir mindre attraktive og at vi mister kompetanse vi har opparbeidd over lang tid, slik at pasientane vil få eit redusert tilbod.

Risiko i budsjett for 2021

Vi dekker gjestepasientkostnader i driftsbudsjettet. Det er alltid ein risiko for at fleire pasientar nyttar fritt sjukehusval, eller at vi ikkje har kapasitet. Dette vil kunne medføre kostnader utover budsjett som vi må dekke gjennom innsparingar på andre område.

Det har vist seg at det er vanskelig å rekruttere fagfolk med spisskompetanse (overlegar og psykologspesialistar). Mangel på fagfolk kan gi lågare inntekter enn budsjettet og bidra til auka ventetider. Tilsetting av ikkje-spesialistar gir oss høge utdanningskostnader. Det er også risiko for å måtte leige inn helsepersonell til ein langt høgare kostnad enn om vi klarer å rekruttere eigne tilsette.

Vi viser elles til utarbeidd ROS-analyse.

Ramme 2021

Budsjettramme 2021 - PHV (tal i 1000 kroner)	
Budsjett 2020	18 785
Innsparingskrav, redusert budsjettramme	3 565
Prisendringar 2021	0
Realendring 2020 - 2021	-3 565
Sum	18 785

PHV forventar eit overskot i 2020 på 8 millionar i høve budsjett. Overskotet skuldast kjøp av få tryggleiksplassar hjå andre føretak, vakante stillingar gjennom året og at vi allereie i 2020 har tilpassa drifta til kostnadsnivået for 2021. Tilpassinga har skjedd ved omstillingar i drifta for å unngå driftsmessige utfordringar i 2021.

Prisendringar 2021 (tal i 1000 kroner)	
Prisauke basisinntekt	-1 548
Prisauke DRG poeng	-650
Prisauke andre inntekter	-555
Lønsvekst	1 825
Endra pensjon	-322
Prisendring varer og andre kostnader	1 250
Netto prisendring	0

Prisauken på inntekter dekker prisauken på kostnadene.

Realendringar frå 2020 til 2021 (tal i 1000 kroner)	
Endring i inntekter ISP	- Redusert tilskot til jobbkonsulentar. 209
Endra bemanning ISP	- Mindre justeringar. 215
Endring i driftskostnader ISP	- Mindre justeringar. -14
Endring i inntekter NPS	- Redusert ELTE tilskot. 272 - Auka tilskot frå Stad kommune for FACT samarbeid.
Endra bemanning NPS	- Færre ELTE kandidatar. - Redusert innleige frå vikarbyrå. -479
Endring i driftskostnader NPS	- Reduserte kostnader til reiser og møter. -68
Endring i inntekter PBU	- Redusert tilskot til ELTE. - Auka tilskot til barn og unge si helsetenseste. 417
Endra bemanning PBU	- Færre ELTE kandidatar. -1 015
Endring i driftskostnader PBU	- Redusert husleige. -1 752
Endring i inntekter PSK	- Reduserte tilskot til jobbkonsulentar, ELTE og forsking. - Auka tilskot til E-meistring. 944
Endra bemanning PSK	- Oppstart tryggleik. - Redusert bemanning DPS dag og psykose. - Billegare vaktordning med fleire overlegar. - Reduksjon i innleige frå vikarbyrå. - Styrking av poliklinikk (E-meistring, ruskonsulent). 16 784
Endring i driftskostnader PSK	- Lågare kostnad for gjestepasienter tryggleik. -18 928
Endring i inntekter ADM	- Same nivå på gjestepasientar. 4
Endra bemanning ADM	- Mindre justeringar. 52
Endring i driftskostnader ADM	- Reduserte kostnader til reiser og møter. -206
Netto realendring	-3 565

Økonomi

Psykisk helsevern	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021 (2020 - kr.)	Budsjett 2021	Budsjett- endring B21 - B20	Prisendring B21-B20	Endring %
Basisramme	372 200	385 350	381 785	383 333	- 3 565	1 548	-0,5 %
ISF egne pasientar	26 292	32 400	32 650	33 300	250	650	2,8 %
Gjestepasientinntekter	8 309	6 156	5 950	6 068	- 206	118	-1,4 %
Polikliniske inntekter	184	231	185	190	- 46	5	-17,7 %
Øyremerka tilskot	5 634	8 686	6 534	6 704	- 2 152	170	-22,8 %
Andre driftsinntekter	8 564	9 827	10 135	10 397	308	262	5,8 %
Driftsinntekter	421 184	442 650	437 239	439 992	- 5 411	2 753	-0,6 %
Kjøp av offentlege helsetenester	- 24 395	- 27 224	- 6 256	- 6 432	20 968	- 176	-76,4 %
Kjøp av private helsetenester	- 3 112	- 2 760	- 4 150	- 4 299	- 1 390	- 149	55,8 %
Varekost	- 5 491	- 4 081	- 4 070	- 4 217	11	- 147	3,3 %
Innleid arbeidskraft	- 12 472	- 9 754	- 7 980	- 8 267	1 774	- 287	-15,2 %
Lønn til fast tilsette	- 270 508	- 295 502	- 311 919	- 313 478	- 16 417	- 1 560	6,1 %
Overtid og ekstrahjelp	- 6 830	- 6 915	- 7 659	- 7 697	- 744	- 38	11,3 %
Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	- 48 298	- 51 400	- 51 400	- 51 078		322	-0,6 %
Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	12 349	11 844	12 930	12 995	1 086	65	9,7 %
Anna lønn	- 38 558	- 40 671	- 43 131	- 43 423	- 2 460	- 292	6,8 %
Andre driftskostnader	- 17 370	- 34 972	- 32 390	- 32 879	2 582	- 490	-6,0 %
Driftskostnader	- 414 686	- 461 435	- 456 024	- 458 777	5 411	- 2 753	-0,6 %
Sum	6 498	- 18 785	- 18 785	- 18 785			

Kostnadsutvikling

Kjøp av helsetenester.

Vi kjøper plassar innan psykisk helsevern og rusomsorg frå andre føretak. Årsaka er både at pasientane har fritt sjukehusval, og at vi ikkje alltid kan tilby pasienten rett behandling i fylket. Desse kostnadene var moderate i høve budsjett for 2020, og i 2021 legg vi til grunn at kostnadene vert vesentleg lågare som følgje av at vi har etablert tilbod om tryggleikspllassar i eige føretak.

Innleige av arbeidskraft.

Det har vore nytta ein del innleige av arbeidskraft i 2020 fordi vi ikkje har greidd å rekrutttere arbeidskraft med rett kompetanse. Vi arbeider aktivt med å erstatte personell som har slutta, og har rekruttert godt mot slutten av 2020. Vi legg til grunn at desse kostnadene vert lågare i 2021.

Løn til tilsette og overtid/ekstrahjelp.

Endringa skuldast budsjettet lønnsauke for 2021 og heilårsverknader knytt til bemanningsendringar i løpet av 2020. Etablering av tryggleikstilbod frå mars 2021 utgjer brorparten av endringa.

Aktivitetsutvikling

Aktivitet	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Budsjett 2020	Prognose 2020	Budsjett 2021	Endring P20 til B21
Psykisk helsevern voksne						
DRG poeng	3 526	3 666	3 861	3 600	3 937	337
Tal heildøgnsopphald	17 604	19 012	18 700	17 000	18 000	1 000
Tal utskrivne pasientar	1 027	1 086	1 055	1 048	1 030	-18
Poliklinisk dagbehandling	357	254	100	175	100	-75
Polikliniske konsultasjonar	25 455	25 326	26 000	24 000	26 500	2 500
TSB						
DRG poeng	428	385	443	390	434	44
Tal heildøgnsopphald	7 441	6 941	7 470	5 810	7 070	1 260
Tal utskrivne pasientar	244	236	240	201	240	39
Polikliniske konsultasjonar	3 209	2 783	3 150	2 800	2 975	175
Psykisk helsevern barn og unge						
DRG poeng	5 360	5 534	5 949	5 400	5 952	552
Tal heildøgnsopphald UPH	1 145	1 369	1 200	1 250	1 250	0
Tal utskrivne pasientar UPH	87	67	80	80	80	0
BUP polikliniske konsultasjonar	16 384	16 979	18 300	16 900	17 500	600

Det er lagt opp til høgare aktivitet knytt til døgnopphald for vaksne i 2020, og ein auke i poliklinisk aktivitet. Vi vil arbeide for å auke aktiviteten innanfor TSB i høve førrer år. Aktiviteten i PBU er venta å verte høgare enn siste år.

Aktivitet per avdeling


Avdeling	Poliklinikk konsultasjonar					
	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Prognose 2020	Budsjett 2021	Endring P20 til B21
PBU	17 713	16 384	16 979	16 900	17 500	600
ISP	6 952	6 725	6 322	5 700	6 500	800
RUS ISP	677	719	683	650	650	0
NPS	8 495	8 112	6 802	6 000	7 500	1 500
RUS NPS	738	596	394	450	525	75
PSK	11 412	10 618	12 202	12 300	12 500	200
RUS PSK	1 599	1 894	1 706	1 700	1 800	100
SUM VP	26 859	25 455	25 326	24 000	26 500	2 500
SUM RUS	3 014	3 209	2 783	2 800	2 975	175

Avdeling	Poliklinikk DRG poeng					
	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Prognose 2020	Budsjett 2021	Endring P20 til B21
PBU	-	5 360	5 534	5 400	5 952	552
ISP	845	837	871	900	992	92
RUS ISP	89	107	107	100	108	8
NPS	1 044	1 088	952	900	1 131	231
RUS NPS	92	73	55	90	108	18
PSK	1 620	1 601	1 843	1 800	1 813	13
RUS PSK	210	248	223	200	217	17
SUM VP	3 509	3 526	3 666	3 600	3 937	337
SUM RUS	391	428	385	390	434	44

Avdeling	Heildøgn					
	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Prognose 2020	Budsjett 2021	Endring P20 til B21
PBU	1 085	1 145	1 369	1 250	1 250	0
ISP	3 799	3 907	3 735	2 800	3 800	1 000
RUS ISP	111	100	237	10	100	90
NPS	3 942	3 514	3 587	3 200	3 300	100
RUS NPS	2 550	3 004	2 439	1 800	2 500	700
PSK	10 271	10 183	11 690	11 000	10 900	-100
RUS PSK	4 307	4 337	4 265	4 000	4 470	470
SUM VP	18 012	17 604	19 012	17 000	18 000	1 000
SUM RUS	6 968	7 441	6 941	5 810	7 070	1 260

Avdeling	Utskrivne pasientar					
	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Prognose 2020	Budsjett 2021	Endring P20 til B21
UPH	91	87	67	80	80	0
ISP	111	117	91	100	110	10
RUS ISP	4	8	10	1	10	9
NPS	194	168	217	180	170	-10
RUS NPS	93	95	80	70	100	30
PSK	742	742	778	768	750	-18
RUS PSK	116	141	146	130	130	0
SUM VP	1 047	1 027	1 086	1 048	1 030	-18
SUM RUS	213	244	236	201	240	39

Bemanningsplan



Budsjetterte brutto månadsverk i 2020 er i snitt 439, mot realisert 436 i snitt dei første 10 månadene i år. I 2019 planla vi med 431 brutto månadsverk i snitt, mot realisert 426.

Netto månadsverk er om lag uendra i høve 2019. I 2021 er det planlagt ein auke i stillingar som følgje av etablering av tryggleikstilbod.

Forsking

Psykisk helsevern held opp satsing på forsking og har sett av midlar til forsking i budsjett 2021 på same nivå som i 2020. Klinikken har fleire tilsette som held på med doktograd - PhD, finansiert både av tildelte midlar frå Helse vest og interne midlar.

Ikke løyste oppgåver

Erfaringskonsulent: Prioritert kompetanse i Regional plan for psykisk helsevern. Vi har i dag berre 50 prosent stilling som erfaringskonsulent ved Rus Døgn, Psykiatrisk klinikk.

Musikkterapeut: Det har ikkje vore mogeleg å auke satsinga på musikkterapi i budsjett for 2021. Sentral kompetanse for å sikre tilgang og innhald i medikamentfri behandling. Tilrådd som behandling for psykoselidinger, jfr. nasjonal retningsline. Vi har i dag slik kompetanse ved NPS og Førde BUP.

Styrking av ambulante tenester. Ambulante tenester som FACT/ACT er prioritert som tiltak i regional plan for psykisk helsevern. Vi tilbyr ambulante tenester gjennom sentralt ressursteam og til pasientar med psykoseliding ved Psykiatrisk klinikk. ISP held på å reetablere ambulant tilbod til pasientar med psykoseliding. Ved NPS etablerer vi FACT-team i samarbeid med Stadt kommune. Det er ikkje mogeleg å etablere ytterlegare ambulante tenester utan auka finansiering.

Budsjettprosess

Vi har arbeidd med budsjett sidan våren 2020, og tillitsvalde og verneteneste har vore invitert til klinikkråd gjennom året. PHV har hatt følgjande milepælar i budsjettprosessen:

14.05.20 Klinikkråd med tillitsvalde og verneteneste. Orientering om budsjettprosessen generelt, foreløpige budsjettføresetnader og milepælar frå økonomidirektør.

- 12.10.20 Drøftingsmøte ISP med tillitsvalde og verneteneste.
- 23.10.20 Drøftingsmøte PSK med tillitsvalde og verneteneste.
- 29.10.20 Utarbeidning av ROS-analyse med VU/TV
- 04.11.20 Informasjonsmøte med TV/VO

- 11.11.20 Drøftingsmøte NPS med tillitsvalde og verneteneste.
- 11.11.20 Drøftingsmøte PBU med tillitsvalde og verneteneste.
- 11.11.20 Drøftingsmøte PHV med tillitsvalde og verneteneste.
- 18.11.20 Klinikkråd
- 23.11.20 KAMU PHV

Forkortinger for einingsnamn nytta i dokumentet

Psykisk helsevern – PHV

Psykiatrisk klinikk – PSK

Nordfjord psykiatrisenter – NPS

Indre Sogn psykiatrisenter – ISP

Psykisk helsevern for barn og unge – PBU

Ungdomsavdeling for psykisk helsevern – UPH

Klinikken sitt arbeidsmiljøutval – KAMU